



STATUTTAR FOR HIGHLAND-STAUPET

1. Pokalen er gjeven av hr. Andrew Highland for utdeling til den idrettsmann eller kvinne som ved avslutta sesong har synt best prestasjonar på ski. Ved vurderinga av "prestasjon" i denne samanheng skal det takast omsyn til den samla innsatsen som ligg til grunn for prestasjonen, og til særlege tilhøve då prestasjonen vart utført.
2. Den som skal få namnet sitt på pokalen, må vera medlem i eit av idrettslaga i Voss herad.
3. Gjennom utlysing skal ålmenta få høve til å fremja grunngjevne framlegg om aktuelle kandidatar til Highland-staupet. Lista over føreslegne kandidatar vert ikkje offentleggjord.
4. Highland-staupet vert delt ut av Voss herad ved Utval for kultur og næring. Voss idrottsråd kan gje uttale i saka før utvalet gjer vedtak. Leiar for utvalet føretek utdelinga.
5. Om Utval for kultur og næring finn at det ein sesong ikkje er utøvd prestasjonar som er verdige nok, vert pokalen ikkje delt ut dette året.

Dokument – ID

Utarbeidd av: *Kommunalavdeling kultur og fritid*

Godkjend av/dato: Voss kommunestyre/31.10.1996

Revidert: 04.05.21/ Språklege endringar i høve ny kommunal organisering Voss herad

Neste revisjon:

Saksnummer i 360 online: 21/02430